

LOV OG EVANGELIUM

Gitt ut av Norsk Luthersk Lekmannsmisjon

Nr. 1

15. januar 1985

21.årg.

NYTT ÅR

Kom, Herre Jesus!

Johs. Openberring 22,20

Mange faldar hendene sine på ein dag som denne, og sender bønesukk og bønerop til Gud. Bøne-emni kan vera så ulike. Det lyder takk for året som er ute, og eit nytt år vert lagt i Herrens hender.

På kvar vår måte bed me om at Jesus må koma inn i våre liv, at han må få sig-

na helg og kvardag for oss. Men det er eit bønerop som me kanhende meir sjeldan vågar å be. Det er at Jesus må koma att til jord slik han har lova det i sitt ord.

Er me budde til å taka imot Jesus — kvar dag, også når han kjem for å oppretta ein ny himmel og ei ny jord?

Godt nytt år i Jesus namn!

Hvordan skal vi da unnfly, om vi ikke akter så stor en frelse? (Hebr. 2,3.)

Gud er kjærighet. Ikke noen menneske- eller engletunge kan beskrive Guds kjærighet på en verdig måte. Men hvem tenker på at jo større nåden er, desto større er farene — hvis denne store nåde forsømmes, ringeaktes og misbrukes. Hvem tenker på at ved siden av den uendelige guddommelige *kjærighet* står en likeså uendelig *rettferdighet* og *hellighet* i Guds vesen! Og at nettopp fordi

nåden er så stor, er Guds nidkjærhet, Guds rettferdige dom over den som ikke søker, skatter, tar imot denne store nåde, desto mer forferdelig! «Hvis jeg ikke var kommet og hadde talt til dem,» sier Jesus, «da hadde de ikke synd; men nå har de ingen unnskyldning for sin synd.» Og nettopp etter at apostelen hadde stillet fram denne store nåde og herlighet som verden i disse siste dagene

har tatt imot: *den enbårne Sønn er kommet ned fra Faderens skjød og har talt til oss*, så sier han: «Hvorledes skal da vi unnfly, om vi ikke akter så stor en frelse?» Kristi blod *skal* og *må* bli oss til liv og salighet, visdom, rettferdighet, helliggjørelse og forløsning, eller også komme til dom og forbannelse over oss som over de vantro jøder. «Herren, hærskarenes Guds nidkjærhet skal gjøre dette!» For «når noen har brutt Mose lov, dør han uten barmhjertighet, hvor meget større straff mener dere da den skal aktes verd, som har trådt Guds Sønn under føtter og ringeaktet paktens blod?» Men å «tre Guds Sønn under føtter,» betyr å akte ham *så ringe*, at en ikke bryr seg om ham, ikke søker ham, ikke hyller ham og tilber ham, ikke blir hans egen, hans disippel, venn og etterfølger. For det som en akter så ringe at en ikke bøyer seg ned for å ta det opp fra marken, det tråkker en på. Alle de jøde-ne som Guds rettferdige straff kom over, hadde slett ikke hånet eller pint Kristus. Noen gråt over hans lidelser. Men de fikk likevel den samme dom *ene og alene* *fordi* de ikke tok imot ham slik at de ble hans disipler.

Men hva gjør da den hellige nidkjære Gud med det menneske som ringeakter hans kjærlighet, hans Sønn og hans Ånds røst? Han gjør ikke noe annet med det enn at han bare overlater det til seg selv. Det blir forlatt av Herrens Ånd, det blir ikke lenger vakt av Ånden. Det blir ikke gjort urolig av sin synd, slått ned, eller opplyst; men det får gå sine egne veger, følge sitt eget hode, sin egen lyst

uten tukt, uten angst, uten bekymring for sin sjel. Det får bli riktig sikker i syn-den. Da blir det så blindet, så forvendt i sinn og tanke, at det bruker alt til sin egen undergang og skade. Alt det som Gud har gitt til velsignelse, blir til forbannelse for det. Det som er gitt til opplysning, blir for et slikt menneske til blindhet. Det som er gitt til vekkelse, blir det til forherdelse. Det som er gitt til trøst og salighet, blir for et slikt menneske til evig kval og fordømmelse. *Herren, hærskarenes Guds nidkjærhet* skal gjøre dette!

«Å, det er en egenskap hos Gud, en måte som han har å styre på», sier en gammel Åndens mann, «som jeg av hjertet er redd for, og som jeg har ropt meg hes om, og likevel enda mangler klarhet i. Det er den egenskap, den styremåte som David taler om når han sier: Imot den rene viser du deg ren, imot den forvendte viser du deg forvendt..» Imot den *rene*; det er imot den som har et oppriktig hjerte og står på Guds side. Når han nærmer seg til deg, viser Du deg ren og det vil si: til ham taler du enfol-dig, åpent og forståelig, ham opplyser og leder Du i nåde. Men imot den for-vendte viser Du deg forvendt, ham for-vender og blinder Du». — Synes noen at dette er for hardt talt om Gud, da skal han lese vår nådige Frelsers egen forklaring i Matt. 13, 10—15 og 11, 25. Der sier han uttrykkelig at han taler i liknel-ler, *fordi* den som har, han skal gis og han skal ha overflod; men den som ikke har, fra ham skal tas endog det han har. Og han sier at han har skjult dette for vi-

Bladet Lov og Evangelium

Bladet blir sendt til alle som sender eksp., namn og adr.

Bladet blir haldt oppe av frivillige gäver.

Eksp: O. Dyrøy, 5620 Tørvikbygd.

Telefon 05/558363

Alt som har med bladet sin eksp.
blir sendt dit, som tinging, oppseiling
og adresseforandring.

Gäver til bladet kan sendast kass. S.Bøhn
postgiro 5 68 21 33
Red. Amund Lid, 5600 Norheimsund.
Tlf. 05/551080

Norsk Luth. Lekmannsmisjon

Form. Ragnar Opstad
Opstadv. 38, 4350 Nærøbø Tlf.04-433685
Kass. Sverre Bøhn, 5601 Norheimsund.
Postgiro 5 68 21 33. Bankgiro 3530.21.00932

ØYSTESE TRYKKERI A/S

se og forstandige. Og i 2. Tess. 2 sier apostelen like uttrykkelig: «Fordi de ikke tok imot kjærighet til sannheten, derfor skal Gud også sende dem kraftige villfarelser så de skal tro løgnen, for at de alle skal dømmes, de som ikke har trodd sannheten, men hatt lyst til urettferdigheten.»

Så gruelig kan Gud straffe dem som ringeakter ham. Det er farlig å stri mot Gud! Det er forferdelig å falle i den levende Guds hender! Det er best å stå seg godt med ham som har all makt i himmelen og på jorden. Den som søker, elsker, følger ham, skal han omslutte med barmhjertighet, uendelig barmhjertighet, godhet og trofasthet alle hans leve-dager. Men den ugudelige får mange pinner.

C. O. Rosenius

Turtelduva

Min ven tek til ords og segjer til meg:
Statt opp, min hugna, du mi fagre,.. og
kom ut, for sjå no er vinteren slutt, re-
gnet hev kvore burt, blomane sprett i
landet, song tidi er det no, og tutelduva
kurrar i vårt land. Høgsongen 2. 10-12.

Som Guds Son valgte Lammet til sitt
forbilde, slik valgte også anden duva. Vi
ser og hører dei begge ved Jordan.

Den heilage Guds duva kurrar for vå-
re hjartor. Den kurrar ut frå oss i be-
kjennelse, i lære, i trøysteord, sang og
bøn. Slik kan tutelduvas stemma høy-
rast i landet.

Men er det alltid den sanne duvas
stemme som høyrest? Det er sant, det
gamle menneskes ravn kan ofte vere så
likt det sanne. Der kjem sindsbevegelser,
og indre sjels opplevinger, som ikkje har
det minste med anden å gjera. Berre na-
turen, og ikkje nåden, men her kan det
ofte vera so lik andens virkninger. Det
klåraste auga, og skarpeste øyra og dø-
mekraft, kan ta feil. Vi minner om hel-
ten frå Gilead, Jefta. Han hadde slege
ned efra'imitane og dreve dei ut i øyde-
marka. Han sette vakt ved vada over
Jordan. Her måtte efra'imitane over,
for å koma til sitt eige land, og frå hun-
gers døden. Jordan stengt, i øydemarka
hungers død. Dei har vel hørt om Jef-
tas fryktelige ordre. Ikkje ein efra'imit
kjem levande over. Vi ser dei kjem utar-
ma etter krig og hunger. Dei lyt overgje-
va seg på nåde og unåde til fienden.

Ved Jordan klager dei sin naud og ber
om nåde. Her hjalp ikkje løgn eller tå-

rer, heim eller fedreland. Nei, kvar ein måtte segja fram sjibbolet. Men ingen efra'imits tunge og hals kunde få dette ordet fram. Det vert sibbolet, og ikkje sjibbolet. Med det same lynte sverdet over det arme hode. Dei var vel ganske lik i Gilead som i Efra'im, men ein til liv, og den andre til død.

Vi skal og over eit vadedest ein dag. Der møter vi ein som er enda større enn Jefta. Den hellige og rettferdige Gud. Då er det berre Kanaans språk som gjeld. Herren sjølv lyt røra ved hjarta og tunga vist dette språk skal lærest.

Sjå her er to menneske. Begge slær seg for bringa, frå begge sine auge renn det tårer. Begge seier: Eg er den største synner av alle, begge meiner det er likt. Vi ser deira tårer, vi hører deira vedkjennin, hos begge er det smerte og klage. Her merkast ikkje forskjel. Begge ser ut til å vera angrande syndarar. Hadde vi hatt rettferdighets kroner å gi, ja då hadde vi krynt dei begge med same smykke.

Begge kjem til «Jordans vadedest», begge står for domaren. Sjå her. Ein vert krynt — den andre fortapt. Min Gud, kvifor? Sibbolet, sa den eine, sjibbolet sa den andre. Vi merka det ikkje, men Herren hører skarpt. Den eine slo seg for bringa i angst, den andre av kjerleik. Helvete fekk den eine til å gråta. Korset den andre. Eine segjer: «Å, at eg skulle koma bort i denne synd, og denne fortvila tilstand.» Den andre seier: «Å, at eg med mi synd førde slik moya og liding over deg Herre Jesus.» Den eine klaga over synda sine fylgjer, den andre

gret over sjølve synda. Den første vilde aldri ha gråte over synda vist den ikkje hadde gjort han ulukkeleg, for han søkte sitt eige velvere. Den andre vilde bort frå synda sjølv om ho ikkje hadde noko med hans evige sæla å gjera, for han søkte Guds æra. Når eit menneske vert avkledd til botner i hjarta, då viser det seg at det er egenrettferda som gret i den eine, kjærleiken til sanninga i den andre. Den første ein blødande og rømande Kain, den andre ei gråtande Magdalena. I den eine berre natur, i den andre and og nåde. Umerkeleg, men himmelvid forskjel. Ein til evig død, ein til evigt liv.

To ligg ved vegen. Begge roper: «Jesus, Davids son, gjer selabot på meg.» Det var ikkje hyklarar. Dei meinte det rett begge to. Vi seier dei er frelst og benåda, men seier domaren ved vadestanden det same? Ein hadde vore saman og gjort det same. Ei hand grip og lyfter den eine til himmelen, den andre til fortapinga.

Å, min Gud! kvifor? Vi meinte at begge sa sjibbolet, men den eine sa sibbolet, vi merka det ikkje. Det vert hans evige ulukka. Den eine ropte på Frelsaren slik som Bartimeus og toldaren. Den andre som dei vonde ander som bad om å sleppa fara ned i avgrunnen. Den eine sukket etter Jesu kjærlighets hjerte, den andre etter Jesu frelsers hender.

Han som set på domstolen hører snart om det er ein Gilead—mann med sitt sjibbolet. Hans øyra lyttar etter duva som «kurrer» for han gjeld berre liv, født av anden.

Vi kan ikkje seia at sann kristendom består i tårer, eller i syndenød og anger for å verta frelst. Heller ikkje i bøner og kristen livsføring, eller evangelisk kunnskap og erkjenning, eller i begeistring for evangeliet, eller at hjerte og sjelssliv vert rørt. Heller ikkje om det ligg oss på hjarta å utbre evangeliet sin Guddommelige sanning.

Eller i mykje kunnskap om Kristus Jesus, frimodig bekjenning av hans namn. Heller ikkje om ein kan tala frimodig oppbyggande og rettlærande om helten frå Golgata.

Alt dette kan veksa fram av kjøt og blod og det naturlige menneske. Tenk på dei fem dårlige brurmøyene. På den Guddommelige eksamensdag når vi skal over vadestedet, då vert det avgjort. Her vert det openberra om Guds kjærleik til Kristus Jesus var utrent i hjarta ved den Heilage Ande som er oss gjeven.

Her merkar ein om det er «duen» som kurrer, eller om det er gamle Adam sin lærdom. Ofte kan den finaste åndelege sans ikkje avgjera det, men kan til sine tider merka det. Vi aner ein forskjel som mellom sibbolet og sjibbolet. Og må

seia, dette er ein mann frå Gilead, den andre frå Efra'im. Der er taler, sanger, skrifter og bøner som er rette og sanne, andelige og evangeliske. Her høyrer ein dua kurrer, men også ein annen fugl. Det eine av anden, det andre av naturen. Det eine orginal, det andre kopi. Hjå ein liv, hjå hin måleri hengt på veggen. Turtelduva si røyst høyrest frå Gudsbarnet i tåredalen. «Herre Jesus, forbarm deg over meg. «Min Gud, min Gud, kvifor har du forlate meg.» «Eg arme menneske! kven skal fria meg frå denne dødens lekam.» Snart kurrar den i sorg og naud, snart i takk og lov.» Og han la ein ny song i min munn, ein lovsong til min Gud. «Eg vil lova Herren til kvar tid, hans pris skal alltid vera i min munn.» No er me Guds barn, og det er ikkje endå openberra kva me skal verta. Me veit at når han vert openberra, då skal me verta han like, for me skal sjå han som han er. Slik kurrer tutelduva på jord, og slik høyrest det for nådetruna. Velsignede Ånd, vårt pant på barnekår, vårtuktar og trøystar i liv og død, til målet er nådd.

Odd Dyrøy



Baruk den velsignede

Skriveren

Baruk levde på Jeremias tid. Han levde i profetien, i Herren ord. Jeremias var innesperret på kong Sedekias befaling i fengsel men kjøpte en åker i Annot, fordi Herren bød ham gjøre det. Han vog opp sytten sekler sølv som betaling for slektsjorden til sin fetter Hanamel. Den fengslede profeten kunne ikke selv skrive ut kjøpebrevet, det måtte Baruk — som kanskje holt pennen - gjøre. Avtalen og kjøpebrevet skulle Baruk legge i en leirkrukke:.... «så de kan holde seg i lang tid! For så sier Herren, hærskarenes Gud, Israels Gud: Ennu en gang skal det kjøpes hus og marker og vingårder i dette land.»

En nødens tid hadde kommet over Israel på grunn av deres vanstro. Den Babylonske kongen hadde i samsvar med Herrens ord gjennem profetene fått Jerusalem i sin makt. Baruk går ut med brevet, som jo er en dobbel profeti om at etter nøden skal komme en ny tid — en framtid for Israel. Jeremias ber i sitt fengsel for det folk som «ikke vil høre Herrens røst.» Han forstår ikke at slektsjorden skulle kjøpes, landet faller jo i fiendens hender. Herren svarer forbederen: «Se, jeg er Herren, alt kjøds Gud; skulle nogen ting være for vanskelig for meg?» Profeten får vite at en gang skal Herren samle sitt folk og oprette det på nytt.

Når Baruk legger inn avtalen og kjø-

pebrevet i leirkrukka, får han begrunna løftet: «Og de skal være mitt folk, og jeg vil være deres Gud. Og jeg vil gi dem ett hjerte og lære dem én vei til å frykte meg alle dager... Og jeg vil oprette en evig pakt med dem at jeg ikke vil dra meg tilbake fra dem, og frykt for meg vil jeg legge i deres hjerte, så de ikke skal gå bort fra meg.» (Jeremias 32. kap.)

Slik taler den Gud som har sin glæde i å gjøre oss godt. Og Baruk, som delte de gudfryktiges sorg og sitt folks nød, bar et navn som betydde den velsignede eller velsignelse. Han hørte til de sukkende — og de sukkende er de sanne Guds venner som lever i Ordet og derfor i velsignelsen. Gang etter gang får Baruk gripe til pennen og skrive i Guds tjeneste.

Leirkaret

Kan du se mannen som går fra fengslet med brevet? Han skal finne en leirkrukke for å gjemme de tegn som taler om liv etter døden. «Ta disse brev, det forsegle kjøpebrev og dette åpne brev, og legg dem i et leirkar, så de kan holde seg lang tid.» Han hører Herrens ord som ett ekko: «Ennu en gang skal man..... kjøpe hus og åkrer og vingårder i dette landet.»

Dette landet — løftets land, håpets land, hans tårers jord. Han sjølv er et leirkar. Men gjennem Ordet er en skatt lagt ned i leirkaret. Han er troende. Han er beseglet — det beseglede kjøpebrev er

lagt ned i hans hjerte. Han tilhører Herren både i livet og i døden. Og det åpne brevet er ett billede på hans bekjennelse: Han tilhører Israel, han tilhører Herren!

Så legger han brevet med navnet på vitnene og forsegling i leirkrukka. Utenfor bymuren buldrer stridsmennenes vogner og våpen. Innenfor muren skråler et ubotferdig folk. Han er sannelig i dødens verden, men i hans hjerte har Herren lagt livets frø, han kjenner veien, han har Guds eige sinn. Herren har innbyggt sin frykt i ham så han ikke viker fra Ordet.

Broder Baruk, du velsignede mann, du leirkar! Over din vei i sukkenes dal lyser alle Guds løfter.

Og du, kjære kristne bekjenner med det forseglede kjøpebrev i ditt hjertes leirkar og den åpne avtale i din munn og ditt liv ved Boken, nu nærmer den seg dagen profetien handler om: Jesus kommer snart. Landet åpnes på fullendelsens dag.

«Senk ei blikket, broder, syster! Jesus kommer snart.»

Lik ett leirkar lagdes vår stedfortreders legeme i graven. Han har stått opp. Hans folk står opp med ham i dåpen, daglig i troen, i morgonglansen den ytterste dagen. Og Luther sier: «For Herren er dette så visst som om det allerede hadde skett.»

Oppleseren

Guds Ord blir hellig skrift. (Jeremias 36. kap.) Profeten får befaling om å ta en bokrull: «Skriv ned der alt hva jeg har talt til deg.» Hva Herren talar er til-

tenkt å vække og omvende Israels folk «og så skal jeg forlate dem deres misgjerninger og synder».

Herren har alltid hug å gi nåde

Jeremias som sier «jeg er selv under tvang» kaller på Baruk, skriveren, som «etter Jeremias munn» skriver opp alle de ord som Herren taler.

Når bokrullen er skiven ferdig, sender profeten sin venn til Herrens hus for å lese opp Herrens ord for hele Juda. Jermias håper: Kanske de da vil vende om, hver og en fra sin vei, og komme frem for Herren med sin bønn.»

Den troende Baruk lyder. Han gjør aldeles som Herren vil. Han leser fra boken i Herrens hus.

Akk, tenk øm alle prester gjorde det!

I et kammers på den øvste forgården «ved inngangen til den nye porten» leste han, og det skedde «framfor alt folket.» Sekretæren Gamarja som let opp kammerset for lesingen — kanskje var der en glugg som vende mot den store gården der folket kom dammen — gikk siden ned til kongens hus, der alle fyristene sat, og talte for dem om hva han hadde hørt. Fyristene kalte på Baruk og ba ham ta med bokrullen, og befalte ham å sitte ned og også lese for dem.

Og Baruk fikk være den Eviges oppleser enda en gang!

Ordet han leste vakte forskrekkelse, og fyristene ba ham fortelle hvorledes han hadde fått dette budskap. Baruk forteller: «Han dikterte alt dette for meg, og jeg skrev det ned med blekk.» De opvakte fyristene befalte da Baruk og

Jeremias å gjemme seg, og siden lot de bokrullen komme til kongen, som hørte sin sekretær Jehudi lese opp Herrens ord men uten å oppekes og komme til omvendelse. I steden skar den forherdede på tronen i Juda sund rullen og brende den på kullpannen «i vinterhuset.» Noen av fyrstene ba kongen å ikke brenne rullen, men han lyttet ikke på dem, men befalte i stedet at Jeremias og Baruk skulle gripes. Da står det: «Men Herren gjemte dem.»

Herren kom igjen. Jeremias fikk samme ord og Baruk skrev dem ned på ny. Den nedbøydde skriveren med det beseglede brev i sitt hjertes leirkar sitter med penn og blekk. «Jeg er så trett av å sukke og finner ingen ro.» Likevel har han fått være Den Eviges røst, Guds oppleser.

Den velsignede

Jerusalen ble stormet. Staden ble omringet i tiende måned av kong Sedekias niende regjeringsår og ble stormet i det ellekte årets fjerde måneds niende dag. Lerkaret Baruk visste det alt liksom Jeremias. Sedekias barn let den babilonske kongen drepe «framfor hans øyne,» liksom Nedbuchadnessar lot gjøre med Sedekias egne øyne som ble utstukket. Slik går det den som forakter Herrens ord. Bunden i kobberlenker ble Sedekias ført bort til Babel, kongshuset og folkets hus ble brent, så går det når man skjærer sund bokrullen og brenner den på kullpannen.

Jeremias og Baruk hørte til «de ringeste av folket» som ble etterlatt i landet.

Herrens løfter gjelder dem som setter sin lit til Ham og holder hans ord: «Du skal vinne ditt liv som ett bytte.» (Jeremias 39,18). Jeremias er forbeder: «Jeg vil be til Herren eders Gud etter eders ord.» (Jeremias 42,4). Han får svar fra sin Gud som han kunngjør for de etterlatte i landet, hvorav de fleste ikke ville høre på Herrens røst.

Under denne tid gjør Baruk fremdeles tjeneste som skriver. Han har sin penn og sitt blekk i beredskap. Han tar del i profetien, han ser Ordet bli opfylt, straffedommene og nøden. Herren river ned hva han har bygget opp! Sukkene i Baruks røst høres i Himmelten. «Ve meg, for Herren har lagt ny sorg til mine plager fra før. Jeg er så trett av mine sukk og finner ingen ro.»

Han skriver Hellig Skrift. Han ber. Han tilhører Israels Gud. Og han heter DEN VELSIGNEDE. Da får han skrive ned ett serskilt budskap til seg selv — og dermed til alle Herrens lesarar, opplesere, skrivere, bedere, gråtere — de gudfryktige som setter sin lit til Ordet alene: «Dette skal du si til ham: Så sier Herren: Se, det jeg har bygget, det bryter jeg ned, og det jeg har plantet, det rykker jeg op, og så går det med hele jorden. Og du, du attrår store ting? Attrå dem ikke! For se, jeg lar ulykke komme over alt kjød, sier Herren. Men jeg vil gi deg ditt liv til krigsbytte på alle de steder hvor du går hen.» (Jeremias 45, 4-5).

Således har den velsignede det her i verden. Himmel og jord forgår, men Herrens ord blir til evig tid. De troende

er ett folk som sukker og dermed er det folk som eier den sanne glede, de salige. De drives av Ordet. De lever — derfor gråter de. Deres lesning for seg selv og for andre tek aldri slutt. Herren åpner deres sinn så de forstår Skriften. Og fra Skriften strømmer velsignelsen. Under Jesu hender lever de — de hender han

ved sin himmelferd strekte ut til velsignelse over hans menighet på jorden, over de sukkende, de i hjertet glade, de som er trøstet.

Herren taler om dem og til dem: derpå beror hele deres liv.

Tore Nilsson

Oversett fra Pietisten ved A.L.

Vil du til Himmelens?

Av Berit Berg

Jeg er veien, — ingen kommer til Faderen uten ved meg. Johs. 14,6.

Kjære vesle venn

I dag vil jeg skrive til deg, for jeg tenker så titt på deg.

Jeg lurte på om du har tenkt deg til himmelen?

Har du? — Ja, da står vi likt! For jeg har også tenkt meg dit.

Men da må vi jo finne veien, for det er bare én vei, og finner vi ikke den, så kommer vi ille ut!

Jeg spurte en gammel mann engang, om *han* hadde tenkt seg til himmelen. Da ble han så sint at han spytet meg rett i ansiktet og sa at han nok skulle komme dit før meg!

Etterpå gråt han veldig, og angret på det han hadde sagt og gjort. Han visste ikke veien engang! Og nå da han var blitt så gammel og syk, tok han til å bli redd for at det skulle gå galt til slutt. Da var det godt at han fikk vite om veien i tide.

For den som finner *veien*, går det ikke galt med til slutt! Det har Jesus sagt. Og han kan vi stole på!

Jeg er veien, sa Jesus.

Og i samme verset i Johannes-
evangeliet sier han:

*Ingen kommer til Faderen uten ved
meg.*

Det vil si det samme som at dersom vi ikke kjenner Jesus, så kommer vi ikke til himmelen. Vi kan ikke velge mellom flere veier dertil, skjønner du. Vi må gå den veien som Gud har laget for oss. Dén heter JESUS. Og den fører fram.

Er ikke det godt, vesle venn.

Skal vi la de voksne få lese brevet vårt? Ja, for det kan hende at det er noen av dem som ikke vet at det er *bare Jesus* som fører oss til himmelen. Og da kan du fortelle dem det.

Etter Evangelisten

Guds pant og innsigle på vårt barnekår hjå Gud

Det finst mange fryktsomme sjeler som spør seg sjølv, og stundom andre, når dei ser på seg sjølv og gudslivet sitt: Korleis kan eg vera viss på at Gud anerkjenner meg som sitt barn? Nokre kan nok til sine tider vera så viss på det at dei kan vitna: «Me veit at me har gått over frå døden til livet, for me elskar brørne», mens andre ofte kjem i tvil og anfekting om sitt barnekår hjå Gud.

Går du til Guds ord vil du få klart svar på spørsmålet ditt. I Romerbrevets åttende kap. står det: «Dei som er i kjøtet», det vil seia dei som er eit naturleg menneske, «kan ikkje tekjast Gud. Men de er ikkje i kjøtet, men i Anden, so framt Guds Ande bur i dykk; men er det nokon som ikkje hev Kristi Ande, so høyrer han ikkje honom til». Og i Efeserne 1, 13 les me: «Og i han» — det vil seia i Kristus, «hev de og, då de hadde høyrta sannings-ordet, evangeliet om dykkar frelsa — i han hev de og, då de var komne til trua, fenge til innsigle den heilage Ande, som var oss lova, han som er pantet på vår arv til hans eigedomsfolks utløysing, hans herlegdom til lov».

Me kunne nok teke fram mange fleire Guds ord som vitnar det same, men disse orda skulle vera nok til å visa at den Heilage Ande hev teke bolig i hjarta, møter me Guds bevis for at vedkomande er Guds kjære barn, Guds arving og Jesu Kristi medarving. Guds ord læ-

rer klart at me no ikkje lenger kjenner eit Guds barn etter kjøtet, men av den Ande Gud har late bu i dei.

Det å bli og leva som eit Guds barn, er ikkje det menneske ofte tenkjer: Å bli religiøs, bli eit betre menneske, eller å leva på kristeleg vis, eller noko me får ved å gjera det som er rett og prøva halda oss burte frå det som er galt og forbode. Nei! og etter nei! Frelsa og barnekår hjå Gud, *det er ein arv*, som Gud gjev alle dei som trur på Jesus og tek imot han og evangeliet Gud vitnar om Son sin. Arven har Gud stelt i stand ved eige arbeid og forteneste, og det gjorde Gud då han sende Son sin i menneske-skikkelse under navnet Jesus Kristus, eller Menneskesonen, som han kalla seg sjølv. Jesus var Sann Gud og sant menneske, og han var eit betre menneske enn oss, for han var fødd utan synd og gjorde ikkje synd under heile sitt jordeliv. Me menneske er derimot fødde av syndarar, og fødde med synd, og har difor gjort synd kvar dag heile vårt jordeliv, og er under Guds dom og forbanning, «*skuldig til døden for syndene mange, bunden i lekkjer på syndeveg lange*», fortapte og utan evne til å frelsa oss sjølve.

Jesus derimot fekk Guds eige vitnemål frå himmelen at han var rettferdig, «*dette er Son min, som eg har velbehag i*, høyrt han. Med andre ord levde Jesus menneskelivet frå unnfangelsen i mors

liv til han oppgav si ånd i døden på krossen fullkommen slik Gud ville. Det som var umogeleg for lova, av di den var maktlaus på grunn av vårt faldne og syndige kjøt, det gjorde Gud i Jesu menneskeskikkelse, til frelse for kvar den som trur. Dertil sona Jesus verda si synd, ved at Gud la verda si synd på Han, han bar det alt på sin lekam opp på krossen, tok domen og forbanninga på seg, han blei gjort til synd i staden for oss, kjøpte oss fri ved å ofra seg sjølv som det Guds lam som tok bort verda si synd på ein einaste dag, som profeten forkynnte. Ved sitt liv og blod sona han alle våre synder, og tok synda si løn som er døden.

Ved dette fullkomne offer, som Jesus tok på seg, ein gong for alle, vann han oss ei evig utløysing, og ein arv som er gøynt i himmelen å oss som høyrd evangeliet om vår frelse, kom til trua på Jesus i hjarta og liv.

Det er denne arven Peter talar om og lovar og takkar Gud og vår Herre Jesu Kristi Fader for han som etter si store miskunn hev etterfødt oss til ei levande von ved Jesu Kristi oppstoda frå dei døde, til ein uforgjengeleg og flekklaus og uvisneleg arv, som er gøynd i himmelen å dykk, de som ved Guds makt vert haldne oppe ved trua til den frelsa som er ferdig til å verta openberra i den siste tid. (Pet. 1. brev, 1, 3-f.)

Det er den same arv Jesus talar om til den rike unge mannen som kom og spurde Jesus om kva han skulle gjera for å arva evig liv, då han sa: Sel at du hev og

gjev det til dei fatige, *so får du ein skatt i himmelen*; kom so og fylg meg. (Mark. 10,21).

Denne frelsa, eller denne rike skatten, den er Guds verk, Guds gåva, som han har gitt oss i Kristus, og er gøynt med han i himmelen inntil han kjem att og me skal få ta arven i eiga, ikkje av gjerninger so ingen skal rosa seg. (Efes. 2. kap.) Og arvebrevet har Gud skrive og forkynt i sitt ord, i evangeliet om Jesus Kristus. *Og for ein arv kan ingen gjera nok for å få*. Two ting skal til for å arva. For det fyrste at han som har arbeidt for og samla arven og skrive testamente på vårt namn, *er død*. Eitt testamente gjeld aldri, før den som har skrive testamente er død. Og nå er Kristus død, og har skrive testamente på vårt navn, og sendt sine vitner ut for å forkynna det over heile verda. Det andre som skal til er at du har trutt og teke imot arven.

Har du det gjort, så har Gud gitt deg den heilage Ande til pant og innsigle på at arven er din. Han, den heilage Ande, skal du få eiga inntil den dagen du blir utløyst frå lekamen og skal få koma heim til Jesus og ta arven i eiga, saman med Jesus.

Korleis kan eg så vita at eg har fått den heilage Ande?

Det finst nok mange og ulike meininger om når og korleis me får den Heilage Ande. Sume meiner me får Anden ved å gi seg heilt over til Gud, andre ved lydighets-handling som å døypa seg om att som voksen, ved neddykking etter Skrifta sin bokstav, og dertil meiner

mange at synleg glede og lovsang og teikn og under er bevis for at den Heilage Ande er tilstades hjå eit menneske og i ein forsamling. Skal me få svar som er pålitande i livet og i døden, då må me gå til Skrifta for å få svar.

I Galaterne 3. kap. spør Paulus galater-menigheten: «Å de uvituge galatarar! kven hev trylt dykk, de som hev fenge Jesus Kristus måla for augo som krossfest? Berre det vil eg få vita av dykk: Var det ved lovgjerningar de fekk Anden, eller ved å høyra trua forkynt? Er de so uvituge? De som tok til i Anden; vil de no fullenda i kjøt?» Av dette ordet, og mange andre ord frå Skrifta, ser me at ingen får den Heilage Ande ved lovgjerningar eller ved overgivelse eller lyndad mot Gud. Det skulle Bibelens farisearar og skriftlærde frå Jesu tid vera eit fullgodt døme på. Me siterte ovanfor ordet frå Efes. 1, 13 og tek det opp att her: «Me som fyreåt hadde vona på Kristus. Og i Han hev de og, då de hadde høyrt sannings ordet, evangeliet om dykkar frelsa — i han hev de og, då de var komne til trua, fenge til innsigle den Heilage Ande, som var oss lova»

Her ser me at efeserne fyreåt var komne dit at dei var begynt å vona på Kristus. Og då dei så fekk høyra sanningsordet, evangeliet om frelsa i Kristus, kom dei ved ordet om Jesus til trua, og i same stund ordet tente trua på Jesus og hans frelse på Golgata i syndarhjarta, fekk dei den Heilage Ande til innsigle og pant. Og eit kvart arvebrev blir først vår personlege eiga når det er underskrive og har givaren sitt segl under det. Frelsa til-

høyrer vår Gud og lammet, og den er gitt til alle menneske nedskrive i Guds evangelium, og Andens gåva i hjarta er Guds innsegl og garanti for at arven er mi personleg eiga. På same måten kom også galaterne til trua og fekk Anden, og alle andre som Bibelen vitnar om.

So ser me då at trua kjem ved Kristi ord, eller sagt ordrett: «So kjem då trua ved forkynninga, og forkynninga ved Kristi ord.» (Rom. 10,17)

Dette får me stadfest ved å lesa frå Ap.gj. 10. kap. der Kornelius på Guds ord henta Peter som skulle tala Guds ord til han og folket hans. Peter kom og tok til å tala om Jesus, og då han var kommen så langt i tala si: «Um han vitnar alle profetane at kvar den som trur på Jesus, får forlating for syndene sine ved hans namn. Fyrr Peter hadde tala ut, fall den heilage Ande på alle dei som høyarde talen hans».

På same måten går det til også i dag, trua på Jesus og forlating for syndene ved hans namn i syndarhjarta og Andens gåva høyrer saman og fylgjest åt. Det same ser me og på pinsedagen i Ap.gj. 2. kap. der Peter tala om Jesus, og då dei høyarde det, for det ein styng gjennom hjarta deira, og dei sa til Peter og dei andre apostlane: kva skal me gjera brør? Vend om, svara Peter, og lat dykk alle døypa på Jesu Kristi namn til forlating for syndene dykkar, so skal de få den heilage ande i gåva. For det er dykk lovnaden gjeld - dykk og borna dykkar og alle dei som er langt borte, so mange som Herren vår Gud kallar til seg.

Den Heilage Ande, han er usynleg som sjel og sinn, men me skynar han er hjå oss på grunn av hans gjerning i hjarta og sinn og Andens frukter. Hans første gjerning er å overbevisa om synd, så du ser den og erkjenner den i hjarta, smerte og sorg over synda, og lengt etter frelse. Anden lokkar, kallar og dreg syndaren til Jesus, til Guds ord, og tuktar og trøstar og let opp skriftene for Guds barn, herleggjer Jesus, skaper behov for nåde og gjev nåde og vekst ved brødet frå himmelen. Andens frukt er kjærleik, glede, fred, langmod, mildskap, godleik, truskap, spaklynne, fråhald (Gal. 5, 22). Han lærer deg å kjenna deg sjølv, det gamle menneske, dømmer det og avklær deg dei gjerningar det vil gjera,

men han lærer deg og å kjenna Jesus, det evige livet, og iklar deg, som Guds heilage, utvalde og kjære, hjarteleig miskunn, godleik, ydmykt, spaklynne og langmod, so de toler kvarandre og tilgjev kvarandre. (Kolles. 3, 5-4, 1) For lever de etter kjøtet, skal de døy, men døyder de gjerningane åt lekamen ved Anden, so skal de leva. For alle som vert drivne av Anden, dei er Guds born. Det var då ikkje ei trældoms-Ånd de fekk; Nei, de fekk ei barnekårs-ånd, som gjer at de ropar: Abba, Fader! Anden sjølv vitnar med vår ånd at me er Guds barn. Stå ikkje Anden imot, gjer ikkje Anden sorg, men hør og fylg Andens tale til menigheten! *Andens sverd er Guds ord!*

Amund Lid

Sjølvmelding, før årsoppgjerset

«Eg vil så gjerne eiga ei tru så sterk og stor, ei tru som kunne synast i gjerningar og ord».

Slik syng sangaren, og den tanken er vel ikkje så langt borte frå nokon av oss. Både når det gjeld den enkelte av oss og den sak vi samlast om. Men betrakter vi det året som er gått, kunne eg i staden skrive lenge om missmot over meg sjølv fyrst og over det auga kan sjå.

Rett sagt har eg motvilje mot å skrive årsmelding, og hadde bestemt meg for å la det bli u gjort. Men så kom den tanken for meg at ein dag vert det kravt «års-

melding» over kvart eit menneske. Då blir det ikkje spørsmål om ein vil eller ikkje vil. Då tvingar spørsmålet seg fram: Kva seier mi og di årsmelding i dag? Fortel den om at du er i Kristus Jesus? At det difor inga fordøming er for deg? Ja, då er du eit lukkeleg menneske i følge Guds ord. Her er det berre Guds ord som kan gjeva oss det rette svaret, det svar som vi kan både leva og døy på.

Kanskje du og gjer som eg at du vender deg inn mot deg sjølv og spør: lever eg i trua, har eg mitt liv i Jesus?

Ja, gjev du då Guds ord rett, er det

berre eit svar: det står därleg til. Ja, det står därleg til anten du ser det eller ikkje. «For i meg, det vil seia i mitt kjøt, bur det ikkje noko godt», seier Ordet.

Så er det godt å få høyra og sjå at di og mi frelsa er ei ordna sak. Ei sak som Jesus har bore fram til siger i din og min stad. Då er det godt å få gjera sangaren sine ord til mine: «Men om det lite lukkast, så har eg endå von: Mitt liv det er i

Kristus, den levande Guds Son». Ja det er godt å få sjå at det er av nåde alt og alltid.

Det kan vera smertefullt for vårt kjøt, men måtte den Heilage Ande få gjera den virkning at me stund for stund kan få seia: «No vil eg meg av nåden einast rosa».

J. S.

Når Jesus kjem att — kva då med meg?

Det skal syna seg teikn i sol og måne og stjerner, og på jordi skal folki følast i vonløyse når havet og brotsjøane dyn. Folk skal uvita av redsla og gru for det som kjem yver jordriket; for himmelkreftene skal skakast. Då skal dei sjå Menneskesonen koma i skyi med velde og stor herlegdom. Men når dette tek til å henda, då rett dykk upp og lyft hovudet for det lid mot utløysingi dykkar. So sa han dei ei likning: Sjå på fikentreet og alle andre tre. So snart de ser dei hev sprotte, då veit de av dykk sjølve at no er sumaren nær. Soleis når de ser dette hender, då veit de at Guds rike er nær. Det segjer eg dykk for visst: Denne ætti skal ikkje forgangast fyrr alt saman hevhendt: Himmel og jord skal forgangast, men mine ord skal aldri forgangast.

Luk. 21,25-33.

«Eg likar ikkje predikantar som skrämer med domedag. Det er liksom trum-

fen dei dreg opp av lomma om det ikkje går med godsnakk», sa ein mann i samtale. Nei, vi skrämer ingen inn i himmelen. Men der er mange som heller ikkje kjem inn i himmelen fordi sider ved Guds ord vert sett til sides. Og sundagens tekst er ein tale vi skal lytta til og ta på alvor. *Jesus kjem att.* Det er ei bibelsk sanning. Det er korkje predikant eller læresvein som har funne på det. Jesus sjølv seier det. Guds utsendingar gjev melding om framdriftsplanen i Guds rike. Der kjem eit evig punktum. For nokon av oss skaper dette glede. Men andre vert fortvila og redde. Kvifor?

1. *Fortviling og redsel* er vel ein naturleg reaksjon når ein veit så mykje om sann kristendom at ein sannar at Gud verkeleg er ein røyndom, men ikkje har kome i eit rett tilhøve til han. Fortvilninga vil då vera knytt til det som skjer på det

ytre plan - det skal syna seg veldige teikn i sol og måne, himmel og jord skal forgå. «*Folk skal forgå av redsle og gru for det som kjem over jorda. For krefstene i himmelrømda skal skakast.*» Men fortvilinga vil sterkest vera knytt til viissa om eit møte med Jesus som domar. Han skal halda eit oppgjer med meg og synda mi. Så er det ei åtvaring til ein kvar kristen så han ikkje sløvast bort, men held ut i ei så hard tid. Og det er eit rop til den uomvende at det enno er tid å gje Gud fyrsteplassen før det er for seint (Luk. 21,34-36). Utan den dagen går vi mot evig fortaping.

2. *Trøyst* seier Jesus vi finn i Guds ord. «— mine ord skal aldri forgå». Alt er forgjengeleg. Det skal gå til grunne. Berre Guds ord har evig verdi. Dei skal ikkje kunna gjerast til inkjes. Slik Gud har tala, slik skal det verta. Lovnader Gud har gjeve, vert ståande fast om alt anna ramlar i grus. Les Bibelen din og set ein raud strek i margen for kvar lovnad Gud gjev folket sitt. Les det som ein lovnad til deg. Her finn du trøysta di. Ikkje at du skal gå fri prøvingar og freistingar som fråfallstida fører med seg, men at Jesus er med deg alle dagar slik at du ikkje bukkar under i striden. Då skal du nå frelst heim til himmelen.

3. *Guds klokkevisar* skal ikkje vi stilta på. Likninga om fikentreet er inga oppmoding om å rekna ut time og tid. Mange har freista seg på det, men handlar mot Jesu ord: «*Ta dykk i vare, så ingen fører dykk vilt! For mange skal komma i mitt namn og seja: «Det er eg» og: «Tida er nær». «Fylg ikkje etter dei»*

(21,8). Men vi skal fylgja med Guds klokke og sjå at det går mot den siste midnattstimeni. Gjerne er vi nærmare enn vi vågar å tenkja.

4. *Gledefylt venting* var eit av kjennteikna på dei fyrste kristne. Dei såg verkeleg fram til at Jesus skulle koma att. Då venta dei utløysing av forfylgjing og motgang her i verda. Men endå betre var det å vita at då var det slutt på syndemakta, døden var overvunnen for alltid og Satan bunden for godt. Det er som å vera kjøpt fri frå dei verste slavekår. Ja mykje betre. Og utløysaren var Jesus Kristus.

Så lever vi i denne ventetida og ser fram til den same frikjøping. Jesu ord skal nok få si oppfyljing: «*Men når dette tek til å henda, då rett dykk opp og lyft hovudet! For utløysinga dykkar er nær!*» ventar du med glede? Då er du sæl!

Sokneprest Gunnvald Bjotveit.



Reiseruter

For våre forkynnere i Norsk Lekm. misjon 1. halvår 1985

1. Odd Dyrøy:

Namdalens, Ås, Askim, Rolvsnes, Foldrøyhamn, Finnås, Suldal.
Påske: Sannidal, Bygland.

2. G. Nygård:

Randaberg, Stord, Ellingsøy (5/2 -10/2)
Brekke, Gravdal, Breivik, Yndesdal, Elnesvågen.
Påske: Tysvær/Håvik, Nærbø 8/4 - 10/4.

3. R. Linkjendal:

Bygland, Ås, Askim, Norheimsund, Tørvikbygd, Varaldsøy, Dalekvam, Stanghelle, Fitjar, Stranda.
Påske: Randaberg.

4. Amund Lid:

Til disposisjon.

5. Andre Bø:

Til disposisjon.

6. Margrete Skumsnes:

Til disposisjon.
Påske: Hardanger.
Styret

I 1985 blir det sommarskule på Bakketun folkehøgskole, Verdal — i tida 19. — 23.6.

Hovudsommarskulen blir på Lundheim folkehøgskole, Moi — i tida 10. — 14.7. Den nye songboka vil bli nytta på sommarskulane.

Styret

